



Statens vegvesen

BEATHE IREN NILSEN
BRUVEGEN 38

5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:
23/173078-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.09.2023

Løype til dispensasjon frå byggjegrænse til E39. EV 39 ved eiendommen gnr. 212 bnr. 21 i ALVER kommune

Vi viser til brev i frå dykk, motteke hos oss 19.09.23 med ovannemnde søknad om dispensasjon frå byggjegrænse på E39.

Slik vi oppfattar søknaden så gjeld dette etablering av to boder på bustadhuset på gnr 212 bnr 21. Bodene er plassert 39,9 og 42 meter frå senterlina på E39. Vi vurderer at dagens bustadhus er lokalisert 40,8 meter frå senterlina på E39. Både hus og planlagde boder ligg vest av kommunal veg i området. Det aktuelle området er uregulert.

Statens vegvesen vurderer at vi kan stille oss positiv til etablering av to boder på gnr 212 bnr 21. Dette all den tid at både boder og eksisterande bustad er lokalisert vest av kommunal veg i området. I tillegg er næraste bod lokalisert berre ein meter nærare E39 enn bustaden på gnr 212 bnr 21. Bodene er ikkje tenkt nytte på nokon måte i bustadsamanheng. Vedtak følgjer under.

VEDTAK

Med heimel i Veglova § 30 gjev Statens vegvesen dispensasjon frå byggjegrænse til E39 for oppføring av to boder på eksisterande bustadhus på eigedom gnr 212 bnr 21.

VILKÅR FOR DISPENSASJONEN

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering funne å kunne gje dispensasjon frå byggjegrænse på følgjande vilkår.

1. Minste avstand for bodene er på 39,9 meter og 42,0 meter frå senterline på E39.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

2. Tiltaka må ikkje takast i bruk til andre føremål enn det som går fram av vilkåra i denne dispensasjonen.
3. Dispensasjonen inneber at det senare ikkje kan gjerast gjeldande krav på erstatning for skadar og ulemper som eventuelt vert påført bygningane / tiltaket som eit resultat av nærleiken til E39.
4. Arbeidet med etablering av bodene må finne stad seinast 3 – tre år etter dispensasjonen er gjeven elles fell dispensasjon bort.
5. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det blir gjeve naudsynt godkjenning og byggjeløyve frå kommunen

RETT TIL Å KLAGE

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr Forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 veker frå ein mottek dette vedtaket.

Transport–vest/Transportforvaltning Vest 3
Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.